



Notat

Dato: 21.09.2017
Arkivsak: 2017/15373-2
Saksbehandlar: venbar

Til: Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Opplæringsbehov for elevar med psykiske vanskar

Bakgrunn for saka

Fylkesrådmannen viser til saksprotokoll i Utval for opplæring og helse 19.04.2017, der Emil Gadolin på vegner av AP/SP/KRF/SV sette fram følgjande forslag:

1. «Det skal settes i gang et arbeid med å utrede fremtidig opplæringstilbud som er tilpasset målgruppen ved avdeling Kyrre og som ivaretar deres behov. Dette skal ha prioritet og legges frem til politisk behandling senest høst 2018.
2. Fylkesrådmannen blir bedt om å komme tilbake med forslag til ny løsning som i større grad ivaretar elevene ved avdeling Kyrre sine behov.»

På bakgrunn av forslaget er det oppnemnd ei tverrfagleg gruppe som skal førebu saka. Nina Ludvigsen, seksjonsleiar OT/PPT, skal leie arbeidet.

Organisering av prosessen

Prosessen i arbeidet skal skje på ulike arenaer:

- **Ressursgruppe:**
Seksjonsleiar OT/PPT, Nina Ludvigsen
Leiar PPT Nord, Janne Lisen Ringdal Strøm
Avdelingsleiar Bergen katedralskole avd. Kyrre, Kari Spilsberg
Lærar avd. Kyrre, Siren Marit Dahl
Hovudtillitsvald i Utdanningsforbundet, Benedicte Meyer
Avdelingsleiar Sotra vgs, Christine Taule
Avdelingsleiar Nordahl Grieg vgs. avd. Sykehusskolen, Håkon Kahrs Sjursen
Seniorrådgjevar ved opplæringsavdelinga seksjon skule, Venke Barrikmo.
- **Arbeidsutval** – opplæringsavdelinga seksjon OT/PPT Nina Ludvigsen, leiar PPT Nord Janne Lisen Ringdal Strøm, opplæringsavdelinga seksjon skule seniorrådgjevar Venke Barrikmo

Andre ressurspersonar kan bli trekt inn i arbeidet ved behov.

Målgruppe

Kva for elevar finn ein i målgruppa og kva må ligge til grunn for at deira behov blir ivaretatt?

Opplæringslova § 9A-2 ligg som krav for alle elevar og er difor førande i denne saka: «Retten til eit trygt og godt skolemiljø. Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.»

Fylkesrådmannen har definert målgruppa i saka slik:

- Elevar med psykiske vanskar, og som har ein behandler i psykiatrien
- Elevar med opplæringsrett
- Elevar med evner innanfor det normale
- Elevar som har behov for eit opplæringstilbod gjennom eit kontinuerleg opptak
- Elevar med behov for eit opplæringstilbod uavhengig av utdanningsprogram

I ein innleiande fase søker ein å få ei oversikt over dei eksisterande tilbod som finst i Hordaland fylkeskommune for denne målgruppa. Difor vil ein hente inn erfaringar frå Bergen katedralskole, avd. Kyrre, Kvinnherad vgs. avd. Valekrossen og Nordahl Grieg vgs. avd Sykehusskolen, til eit møte i oktober.

I tillegg vil ein i prosessen hente inn erfaringar frå andre stader i landet. Ein er kjend med gode erfaringar frå Rogaland fylkeskommune, Trondheim og Oslo, og representantar frå nemnde stader vil bli etterspurt til ein dag for erfaringsdeling i januar. Go Campus, eit prosjekt i regi av Rådet for psykisk helse, har som mål å gjere overgangen mellom vidaregående skule og vidare studium best mogleg. Prosjektet involverer seg i elevane gjennom Vg3, og vert sett på som ein faktor som reduserer fråfall i nemnde elevgruppe. Go Campus kan difor også vere aktuell på ein innspeldag. Det vil vere aktuelt å invitere ulike interessegrupper som tilhørarar og deltakarar den dagen.

Tidsplan

Følgjande skisse til møteplan ligg til grunn for prosessen vidare:

- 30.08.2017 – møte i ressursgruppa
- 04.10.2017 – møte i ressursgruppa; innspeil frå HFK-skular med tilbod for elevar med psykiske vanskar
- 07.12.2017 – møte i ressursgruppa
- 17.01.2018 – erfaringsdag/innspelsamling
- 15.02.2017 – ressursgruppa
- 20.03.2017 – ressursgruppa

I tillegg vil arbeidsutvalet ha eigne møte etter behov, med mål om å ferdigstille dokumentet i saka innan juni 2018.

Mål for prosessen

Målet for prosessen er ei utgreiing av framtidig opplæringstilbod for elevar med psykiske vanskar. I tillegg vil fylkesrådmannen kome med forslag til løysing som i større grad tar i vare nemnde elevgruppe.